Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. § 3.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leirfjord

Emne: Brynet.

Bygdelag: Indre Leirfjord

Oppskr. av: Birger Jåstad

Gard: gardane Valberg og Torsi.

(adresse): Leirosen.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eiga røynsle. Det meste høyrt av eldre folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Marselius Torsi er millom 60–70 år. han fortalde om sandbrynet.

SVAR

1. Det vanlege ordet er å kalla brynet for bryne. Hein er og bruka. Men ein snakkar helst om hein når det gjeld å kvesse kniv, øks. Men mange snakkar om å heine ljåen, men dei fleste segjer bryne ljåen. Nokre segjer dei kvattar ljåen. Men eg er ikkje sikker på om ikkje desse mange orda stavar seg frå innflutting frå vestlandet. (Her er mange innflutte) Heinene er ofte stutte og finare enn eit bryne. (På garden Kjørstad er det ein stor stein på fleire hundre kilogram som er av hein. I eit steinalder funn ein fann. Der fann ein ut at det kanskje hadde bruka flisar av denne steinen til pilodder.)

Folk vil helst ha bryner av naturstein. Men det er nokre som brukar bryne av kunst-stein.

2. Det er nok det vanlegste å føre inn brynestein. Men eit og annan har nok ei heine frå Kjørstadsteinen som eg har nemnt um pr. 1.

3. Det er vanleg her fyrst å slype på vanleg rund slipestein og so heine etterpå med hein eller bryne.

4. Eg har spurt fleire, men ingen kunne anna enn at dei slipa ljåen. Tynning med hamar har eg ikkje høyrt om.

5. På garden Nedre Valberg fann dei ei svert stor hein har eg høyrt. Ho var fleire gonger so stor som eit vanleg bryne. Ho var mykje bruka såg det ut til. Ho såg slik ut:  Dette er sett frå sida (Profil) Eg har tenkt at denne heina kunne vore brukt til å slipe med. Ogso ho låg stilt.

484
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Steinen er visst bortkomen. Det hende endå i min barndom at folk tok slipesteinen med seg når det var lang veg på slåtta. Men det var tji det vanlege. Slipesteinen stod til vanleg heime. Men når ein skulle til å utslåtte og der ikkji var stein, tok ein gjerne ein liten stein med.

6. Frå ei økt (3 timar) til ein halv dag (6 timar)

7. Marselius Tovås fortel at han hugsar dei heime på garden Tovås her i indre Leirfjord brukte hardt tre som var påklint tjøra og sand. Og med dette heina dei ljåane. Og dei vart kvasse. (Han hugsar og slede med hjul. Han har både set og brukt den. Hjulsleden sa: „I-ii! I-ii!" Han var god å kvesse etter sleden )

8. Dei fleste slipar ljåen i orvet. Men mange tek han av og slipar utan orv. Her held dei alltid egga mot seg i båe høve.

9. Det er diverre mange målar i bruk. Men dei fleste set ljåen i armkroken og byrjar ein gong på kvar sida. (Somme tek ei framme og somme atte) So det er vanskeleg å peike på nokon fast tradisjon.

10. Dei fleste går i dag med brynet i lomma. Men eg har høyrt at før hadde dei brynehølk. Det var ein holk med vatn so brynet var vått.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11. Frå garden Dalberg er det ei overlevering, om at dei ein gong hadde ein slåttkar som hadde ein bryneholk. Holken var visst av horn. Men overleveringa er kji heilt sikker om det var horn eller tre. Men det var vatn i den.

12. Tradisjonen om den slåttkaren segjer at holken (ein) hang litt langt ned på låret. Men vedkomande visste kji korleis han var festa.

13. Dei fleste spyttar på brynet når ikkje er vatn for handa. Er det dogg i graset, stikk ein brynet ned i dogga. Dei vil helst ha natur-bryne. Men sume brukar kunst-bryne. Trebryne brukast ikkje meir.

14. Har kji høyrt namn på måten brynet gjer.

15. Nei, ingen veit noko om dette i alle høve.

16. Nei.

17. Dei eg har spurt veit kji noko om dette.

18. Finst ikkje slikt.

19. „Tvi," sa folk når dei spytta.

20. Nei, ingen ting slikt heller. Her er kji slike overleveringar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
484